

MØTEINNKALLING

Valstyret

Dato: 19.05.2015 kl. – **rett etter formannskapsmøtet**
Stad: Kommunestyresalen
Arkivsak: 12/02755
Arkivkode: 01

Forfall meldast snarast til Ann Elisabeth Nes (31 40 88 31) eller tenestetorget (31 40 88 00)

Vara møter berre ved nærare innkalling

SAKSKART			Side
Saker til behandling			
6/15	15/00338-44	Kommunestyrevalet 2015 - godkjenning av listeforslag	2
7/15	15/00389-16	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - Val av røystestyre	7

Hemsedal, 12.05.2015

Oddvar Grøthe
ordfører

Saker til behandling

6/15 Kommunestyrevalet 2015 - godkjenning av listeforslag

Arkivsak-dokument: 15/00338-44
Arkivkode: 014 ---
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.05.2015	6/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

8 listeforslag, slik dei ser ut etter å ha blitt bragt i samsvar med krava i vallova, frå:

- Arbeiderpartiet
- Fremskrittspartiet
- Hemsedal Bygdaliste
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Senterpartiet
- Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

Utdrag frå vallova og valforskrifta

Oversyn – dokumenter i arkivsak 15/00338

Dokument i saka:

53 dokument – sjå oversyn som følgjer som vedlegg

Saksopplysningar:

Fristen for innlevering av listeforslag er klokka 12 den 31.mars i valåret. Det var da komen inn 8 listeforslag frå parti/grupper. Listeforslaga vart, i samsvar med vallova sin §6-6 nr.1, lagt ut til ettersyn etter kvart som dei kom inn til valstyret.

Etter fristen kan forslagsstillarane berre gjere dei endringane på listeforslaget som er nødvendige for at forslaget skal oppfylle krava i vallova og forskrifta til lova. Valstyret skal, dersom eit listeforslag ikkje fyller lova sine krav ved innleveringa, forhandle med dei tillitsvalde for lista for å søkje å bringe ho i samsvar med lova.

Fristen for å trekkje tilbake eit listeforslag var 20. april, ingen av forslaga er trekt tilbake.

Det er valstyret i kommunen som avgjer om forslaga til vallister skal godkjennast, og som undersøker om kandidatane og forslagsstillarane oppfyller vilkåra i lova. Reglane om

listeforslag, og valstyret si handsaming av dei, er samla i kapittel 3 og 6 i vallova og i valforskrifta sitt kapittel 3. Fristen for å godkjenne listeforslaga er 1.juni i valåret.

Vallova sine krav til listeforslag:

Forslaget må angje kva val det gjeld, ved dette høvet *Kommunestyrevalet i Hemsedal 2015*.

Listeforslag skal ha ei overskrift som viser kva for eit parti eller kva for ei gruppe forslaget kjem frå, og som ikkje kan føre til forveksling. Registrerte parti skal bruke det namnet partiet er registrert med i Partiregisteret i listeoverskrifta.

Det er ikkje høve til å bruke eit anna namn som undertittel, heller ikkje namnet til lokalavdelinga. Registrerte politiske parti kan sjølve velje om namnet på partiet skal skrivast på bokmål eller nynorsk.

For val til kommunestyre stiller vallova krav om at det er oppført minst sju kandidatnamn på lista. Oppover er det ei maksimumsgrense på like mange kandidatar som det skal veljast representantar i kommunen pluss eit tillegg på inntil seks andre kandidatnamn, altså 23 i Hemsedal.

Eit visst tal av dei øvste kandidatane på listeforslaget – avhengig av storleiken på kommunestyret – kan få eit tillegg i sitt personlege røystetal på 25 prosent av talet på røystesetlar som lista får ved valet. I Hemsedal kan maksimalt 4 kandidatar på ei liste få slikt tillegg. Dei kandidatane som får eit slikt røystetillegg skal stå fyrst på listeframlegget og med utheva skrift.

Listeforslaga skal innehalde fornamn, etternamn og fødselsår til kandidatane. Det er opp til forslagsstillarane om dei i tillegg ønskjer å føre på stilling og/eller bustad for kandidatane, men dersom dette vert gjort skal det førast opp for alle kandidatane på lista. Det er opp til valstyret å avgjere rekkjefølgja når det gjeld for- og etternamn.

Vallova slår fast at listeforslaga skal ha med eit vedlegg med oversikt over fødselsdatoen til kandidatane. For kandidatar som ikkje er registrerte i folkeregisteret som busette i kommunen ved innleveringa av listeforslaget, må det liggje ved ei erklæring om at dei vil vere valbare på valdagen.

Når det gjeld underskrifter på listeforslag er det for parti registrerte i Partiregisteret, og som ved siste val hadde ei viss oppslutning, nok at forslaget underskrivast av to styremedlemmer i partiet si lokalavdeling.

For andre forslagsstillarar gjeld at listeforslag skal vere underskrive av det tal personar som svarar til 2 % av dei røysteføre ved førre kommunestyreval. Ved kommunestyrevalet i Hemsedal 2011 var det 1589 røysteføre og nye parti/grupper treng difor 32 underskrifter for å stille liste i Hemsedal i år.

Den som underskriv på eit listeforslag må ha stemmerett i kommunen.

Vallova slår fast at alle listeforslag må gje opp ein tillitsvald med vararepresentant blant dei som har skrive under forslaget.

Kven som kan veljast til kommunestyret og som har plikt til å ta imot val:

Veljast til kommunestyret kan alle som har stemmerett ved valet, og som på valdagen er folkeregistrerte som busette i vedkomande kommune. Det vil seie at kandidatane anten må vere norske statsborgarar eller utanlandske statsborgarar som har stått innført i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen. For statsborgarar frå dei andre nordiske landa er det nok at dei har flytt til Noreg og er registrerte i folkeregisteret innan skjeringsdatoen for manntalsregistreringa, som er den 30. juni. Vidare må kandidatane fylle 18 år innan utløpet av valåret, og dei må ikkje ha mist røysteretten eller vere utestengde eller fritekne frå val.

Kven som er utestengde frå val finn du vallova sin §3-3.(3).

Rett til å krevje seg friteken for val har den som gjev skriftleg erklæring om at vedkomande ikkje ønskjer å stille til val på den aktuelle vallista, innan den frist valstyret har sett.

Valstyret si handsaming av listeforslaga:

8 listeforslag, 7 frå parti som er registrerte i Partiregisteret og 1 frå ei uregistrert gruppe, kom inn til valstyret innan fristen, og vart lagt ut til ettersyn på kommunen sine nettsider etter kvart som dei kom inn.

Valstyret skal undersøkje om listeforslaga som er komne inn fyller krava i lova, under dette om forslagsstillarane og kandidatane oppfyller krava i vallova.

Valstyret/fylkesvalstyret skal gje melding til alle kandidatane på vallistene om at dei er sette opp på eit listeforslag, og der det vert opplyst om grunnane for å kunne krevje seg friteken for val.

Slik melding vart sendt ut 8.april 2015 og fristen for å gje melding attende var 20.april 2015.

Viss det syner seg at ein kandidat ikkje kan veljast, eller at han/ho blir friteken, skal kandidaten strykast av lista. I slike tilfelle avgjer den tillitsvalde for lista om det skal setjast inn ein ny kandidat på den ledige plassen. Alternativt kan dei andre kandidatane rykkje opp i uendra rekkjefølgje, og lista eventuelt supplerast med eit nytt namn nedst.

Generelt om kandidatane:

Bustadkommune og stemmerett for alle kandidatane er kontrollert i Folkeregisteret og valmanntalet pr. 31.3.2015. Dei kandidatane som pr. i dag ikkje er busett i kommunen har levert erklæring om at dei vil vere valbare innan valdagen.

Fødselsdato for ein kandidat er korrigert i samsvar med dei registrerte opplysningane.

Einskilde namn/skrivemåte på namn er korrigert i samsvar med ønskje frå kandidatane om korleis dei sjølv skriv namnet sitt/er kjende som.

Ingen av kandidatane i dei åtte listeforslaga har funksjonar som gjer dei utestengd frå val til Hemsedal kommunestyre. Ingen kandidat står på meir enn eitt listeforslag.

Generelt om listeforslaga:

Alle forslaga kom inn til valstyret innan fristen klokka 12 den 31.3.2015.

Alle åtte listeforslag har mellom 7 og 23 kandidatar.

Listeforslaga frå dei 7 partia som kan stille liste etter forenkla regelverk er alle skrivne under av styremedlem i dei respektive lokallaga, og har dei vedlegga som lova krev.

Underskrivarane har stemmerett i kommunen. Ingen personar har skriva under på meir enn eit listeforslag.

Enkelte underskrivarar står som kandidatar på andre listeforslag, dette er ifølgje lovtolkinga til KMD ikkje i strid med vallova.

Når det gjeld forslaget til Hemsedal Bygdaliste følgjer utfyllande informasjon nedanfor.

Om dei einskilde listeforslaga og kva som er gjort for å bringe dei i samsvar med krava i vallova:

Arbeiderpartiet si liste:

Forslaget har 16 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

Fremskrittspartiet si liste:

Forslaget hadde ved innlevering 17 namn, har no 16 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

To kandidatar har søkt og fått fritak for å stille til val. For kandidat 2 vart det gjort opprykk på lista for kandidatane under, utan erstatningskandidat. Kandidat 16 vart erstatta av ny kandidat, som har levert erklæring på at han ynskjer å stille til val for partiet.

Ein kandidat bur ikkje i kommunen og er ikkje valbar pr. i dag, men har levert erklæring om at han vil melde flytting til kommunen innan august, og difor vert valbar innan valdagen.

Partiet nyttar bokmålsform i partinamnet.

Hemsedal Bygdaliste:

Forslaget vart levert inn rettidig med 21 namn på lista, og 32 underskrifter ettersom gruppa ikkje kan stille listeforslag etter forenkla regelverk. Dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

Ved kontroll mot Folkeregisteret synte det seg at ein av forslagsstillarane (underskrivarane) ikkje er busett i Hemsedal og difor ikkje har stemmerett eller høve til å fremja listeforslag i kommunen. Eit anna namn var skriva med blokkbokstavar. Forslaget hadde dermed ikkje nok gyldige underskrifter.

Det står imedan i vallova at dersom eit forslag ikkje fyller krava i lova ved innleveringsfristen, skal valstyret samarbeide med dei tillitsvalde for lista for å bringe det i orden.

Forslagsstillarane vart derfor gjeve høve til å skaffe ei ny underskrift på lista frå ein med stemmerett i kommunen, og personen som hadde skriva namnet sitt med blokkbokstavar, erstatta dette med namnetrekk. KMD stadfesta lovmessigheita i dette. Lista har no nok underskrifter.

Ein kandidat har søkt og fått fritak for å stille til val. Kandidat 10 vart erstatta av ny kandidat, som har erklært at han ynskjer å stille til val for Bygdalista.

KMD/valmyndighetane har godkjent HBL som partikode for Hemsedal Bygdaliste.

Høgre si liste:

Forslaget har 19 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

To kandidatar har pr. i dag ikkje bustadadresse i kommunen og er ikkje valbare. Båe har levert erklæring om at dei vil melde flytting til kommunen innan 30.juni, og difor vert valbare innan valdagen.

Kristeleg Folkeparti si liste:

Forslaget hadde ved innlevering 12 namn, har no 11 namn, øvste kandidaten skal ha stemmetillegg.

Kandidat 4 på listeforslaget bur ikkje i kommunen, men hadde von om å flytte attende innan valdagen. Dette let seg likevel ikkje gjera, og kandidaten er no stroken frå forslaget.

Kandidatane under rykkjer opp i uendra rekkefølge og det er ikkje sett inn ny kandidat.

Senterpartiet si liste:

Forslaget har 20 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

Sosialistisk Venstreparti:

Forslaget hadde ved innlevering 16 namn, har no 15 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

Ein kandidat var ikkje valbar til kommunestyret ettersom han ikkje har stemmerett.

Kandidaten vart stroken frå lista og ingen ny kandidat setjast inn.

Venstre:

Forslaget har 7 namn, dei to øvste kandidatane skal ha stemmetillegg.

Valstyret må ta stilling til listeforslaga seinast 1. juni, jf. vallova.

Seinast same dato skal dei godkjende listeforslaga (dei offisielle vallistene) leggjast ut til gjennomsyn.

Valstyret må og sørge for at overskriftene på dei godkjende listeframlegga blir kunngjorde. Det skal samstundes informerast om kvar listene er lagde ut og kvar publikum kan gjere seg kjent med dei.

Klage med krav om endring av valstyret sitt vedtak må setjast fram innan sju dagar etter offentleggjeringa av overskriftene på dei godkjende vallistene, jf. vallova §6-8.

Vurdering:

I spørsmål der lov og forskrift har gitt rom for tolking har sakshandsamar innhenta vurdering/uttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Listeforslaga slik dei no ligg føre er i samsvar med krava i vallova og kan godkjennast av valstyret.

Rådmannen si innstilling:

Listeforslaga, med dei endringar som er gjort for å bringe dei i samsvar med vallova sine krav, frå:

- Arbeiderpartiet
- Fremskrittspartiet
- Hemsedal Bygdaliste
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Senterpartiet
- Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

7/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - Val av røystestyre

Arkivsak-dokument: 15/00389-16
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	19.05.2015	7/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Stemmesetlane frå kommunestyrevalet i 2011

Dokument i saka:

Godkjente vallister frå sak om godkjenning av listeforslag i dette møtet

Saksopplysningar:

I kvart vallokale i kommunen skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Eit røystestyre er ifølgje kommunelova eit fast utval, jf. kommunelova § 10. Medlemmene i røystestyra er ifølgje kommunelova folkevalde, og for dei gjeld reglane i kommunelova om rettar og plikter for folkevalde.

Røystestyret skal ha minst tre medlemmer, jf. kommunelova § 10. Elles kan kommunestyret fastsetje talet på medlemmer i røystestyra.

Reglane i kommunelova om val av faste utval gjeld for røystestyra. Dersom det blir vald politikarar som røystestyremedlemar, bør ein sørgje for ein samansetnad med representantar frå fleire parti. Ein kan òg velje personar som ikkje er politikarar, så sant dei er førte inn i folkeregisteret som busette i kommunen, jf. kommunelova § 14.

Kommunestyret vel medlemmer til røystestyra og leiarar/nestleiarar. Val av røystestyre kan delegerast til valstyret, jf. vallova § 4-2. Dette er gjort i Hemsedal.

Det er etter vallova § 9-3 (4) reglar om kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val. Listekandidatar er ikkje valbare til røystestyra, og dei kan heller ikkje ta imot røyster eller vere valfunksjonærar.

Det følgjer av lova at oppgåva til røystestyret er å administrere gjennomføringa av valet på røystestaden. I det ligg det at røystestyret har ansvar for at avviklinga av valet skjer i samsvar med reglane i vallova og i valforskrifta.

Røystestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene som gjennomføringa av valet fører med seg. Lova pålegg likevel ikkje røystestyra å utføre alle oppgåvene sjølve. Det er heller ikkje eit krav i lova at alle som utfører oppgåver i vallokala, skal vere medlemmer av røystestyret, med mindre dei blir oppnemnde til det.

Kommunen kan engasjere assistentar som skal hjelpe til med gjennomføringa av valet. Oppgåvene deira kan til dømes vere å gi praktisk rettleiing til veljarane. Dei kan krysse av i manntalet, stemple røystesetlar og sjå til at veljarane legg røystesetlane i valurna.

Det er likevel røystestyret som har ansvar for å føre møtebok og protokollere kva som skjer på røystestaden.

Valstyret gjorde slikt vedtak før Stortingsvalet for 2 år sidan:

Røystestyret i Hemsedal valkrins skal ha 7 medlemmer og 3 varamedlemmer

Ved Stortings- og Sametingsvalet 2013 nemnast følgjande opp til medlemmer i røystestyret:

Syver T. Tuv - leiar

Ingrid Jordheim Brenna - nestleiar

Norvald Lirhus

Kari Bjerkheim

Ragnhild Kvernberg

Odd Bekkevold

Ernst Tore Eggen

Som varamedlem nemnast følgjande opp:

Astrid Løvehaug

Kjell Erik Skølt

Ingrid Undheim

To av disse er no listekandidatar til kommunestyrevalet i Hemsedal 2015 og kan ikkje nemnast opp på ny.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Ein bør søkje å ha ei viss kontinuitet i val av røystestyremedlem ettersom det er mykje å setja si inn og lovverket har klåre reglar for korleis valet skal gjennomførast.

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling